



# *ULSANDSTUGU*

Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Ulsandstugu ligg ovanfor Ulsanden, det er mogleg det kan vera denne tomte huset til Lars Ulsanden vart oppsett på. Området høyrer Ulsanden til og blir kalla Imbertlykkja.

I 1865 er det oppgjeve at Nils Knutsen Grev f. 1811 budde i Ulsandstuen. I 1875 er oppgjeve bustad søre Ulsanden i almenninga, dette er truleg eit vidare omgrep slik at han budde på same plassen. Nils prøvde å byggje noko nytt i almenninga. Dette kan ha vore sør for Grevrusten, opp for vegen like vest for Lækja er det tomter. Men grannane i Grev og Grevrusten ville ikkje ha han der og reiv etter som han bygde. Årsaka til dette skal ha vore at han vart rekna som ei urokråke, av dette hadde han tilnamnet Bråken. Nils Knutsen Grev fekk feste på Kuhaugen i 1872, om dette er Ulsandstugu eller området sør for Grevrusten er uvisst. Kuhaugen blir det også kalla vest og opp for husa på Nebbneset. Nils Grev dreiv noko med sølvsmedarbeid, Lars Ulsanden fann på tomte ein gullring med inngraving N.G.-43.

Nils hadde med syskjenbarnet Rannei Persdotter Bakke 1825-1873 to barn. Han var ei tid i Grytten i Romsdal. Nils vart gift med Imbjør Thorsdotter f. 1829 på Lesja, og det var desse to som budde i Ulsandstugu.

I 1875 hadde Nils 1 ku og 4 geit, medan han sådde ¼ tønne bygg, litt rug og nesten ½ tønne poteter.

Kjelder: Jon Kolden 2000: Bygdabok for Lom 1, s. 202  
M.Høgåsen, Årbok 1956: Han Nils Grev, s. 58

Kari Bakke Storvik: Stadnamnprosjekt  
Folketelling 1865, 1875  
Festekontrakt  
Håkon Ulsanden: munnleg fortald  
Ola Høgberget: munnleg fortald